

Fritidsbustader og fritidsbuande: Utfordringer og mulegheiter – dagens situasjon og framtidens bilde

Mariann Villa

Norsk senter for bygdeforskning
Universitetsenteret Dragvoll
7491 Trondheim

Notat 01/11, ISSN 1503-2027



Foto: Oddveig Storstad

Notatet er finansiert av og utarbeidd på oppdrag frå Distriktssenteret. Notatet er i hovudsak ei samanstilling basert på innsamla data og tidlegare publiserte arbeid utført i to prosjekt ved Bygdeforskning (Farstad 2011, Rye 2011, Rye og Farstad 2011, Villa 2011, Farstad, Rye og Almås 2009, Farstad og Almås 2009, Blekesaune, Haugen og Villa 2010, Kroken, Logstein, Storstad og Villa 2010), i tillegg til eit fagnotat om utvikling i bruk av fritidsbustader utarbeida på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet (Farstad, Rye og Almås 2008). Viser og til Nilsen (2007) for utarbeida oversikt over eksisterande norsk forskning og faglitteratur med relevans for second homes fenomenet.

Forskningsprosjekta det er referert til ved Bygdeforskning er:

Andrejhjemsfenomenet og nye bygdekonflikter (2007-2011)

Rural mobilitet (2007-2010, i samarbeid med Agderforskning, Kristiansand)

Begge prosjekta er finansierte av Norges forskningsråd.

I desse prosjekta har vi gjennomført to nasjonale spørjeundersøkingar: By, bygd og fritidsboliger 2008 (Farstad mfl. 2009), og Norske kommuner og fritidsbefolkningen 2009 (Kroken mfl. 2010). I tillegg er det gjennomført intervju med hytteeigarar og lokalbefolkning i til saman 8 norske hyttekommunar (i to av kommunane gjennomført av Agderforskning).

Bakgrunn

Som bakgrunn for oppdraget refererast det til orientering frå Distriktssenteret:

Distriktssenteret deltek i det nordiske prosjektet Rural Housing, med mål å auke forståinga av og kunnskapen om bustad og bustadspørsmål i eit distriktsutviklingsperspektiv. Fritidsbustader og fritidsbuande - utfordringar og mulegheiter i lokal utvikling - er eitt av tre delområde i denne undersøkinga.

I det nordiske prosjektet er Distriktssenteret sitt bidrag å skaffe statistiske data, eksisterande undersøkingar og samanstillte kunnskap, i tråd med felles definerte problemstillingar. I samband med det ønskjer Distriktssenteret å invitere kunnskapsmiljø som jobbar med relaterte problemstillingar til ein workshop om temaet fritidsbustader/buande som ressurs for lokal samfunns- og næringsutvikling.

Distriktssenteret inviterer forskingsmiljø til å dele kunnskap og refleksjonar rundt temaet fritidsbustader/buande i eit lokalt/regionalt utviklingsperspektiv.

Målsetting med workshopen:

- Oversikt over fagmiljø og tilnærmingar for å analysere Second Homes-fenomenet
- Auka kunnskap om fritids/deltidsbuande i lokalt utviklingsperspektiv
- Dialog om korleis vi kan samarbeide om formidling av relevant forskingsbasert kunnskap til utviklingsaktørar lokalt og regionalt
- Innspel til problemstillingar og tilnærmingar som Distriktssenteret bør vurdere i det vidare arbeidet

Det er i tillegg ønska at ein refererer kort til dei mest relevante prosjekta og erfaringane ein sjølv har, og løftar fram mulege nye perspektiv og tilnærmingar på området.

A. Ulike perspektiv på fritidsbefolkninga

Veksten i fritidsbustader er generelt forstått i lys av velstandsauke, mobilitet og urbaniseringsprosessar (Overvåg 2009, Ellingsen mfl. 2010). Fritidsbustadene vert fleire, større og oftare brukt, og bruken aukar med betre komfort, standard og tilgjenge (Arnesen og Skjeggedal 2003, Ericsson og Grefsrud 2005, Overvåg 2007).

Bygdeforskning sin studie av fritidsbustadbruk viser at 55 prosent av norske hushald kan karakteriserast som fritidsbustadbrukarar (eig fritidsbustad sjølv åleine eller saman med andre, eller disponerer fritidsbustad. Fritidsbustadbrukarane har ein gjennomsnittsalder på 50 år. Farstad mfl. (2009, 2008) finn at det er ca 50/50 når det gjeld fritidsbustadbrukarane sin primære bustad (by eller land – men her kan 'land' vere i ein meir urban region). Fleirtalet (72 prosent) av fritidsbustadbrukarane har 3 timar eller kortare køyretid til fritidsbustaden, og det var tilbrakt gjennomsnittleg 36 dagar i fritidsbustaden i løpet av 2007. 23 prosent brukte fritidsbustaden mellom 41 og 100 dagar. 25 prosent kunne tenkje seg å busette seg permanent i fritidsbustadkommunen, og ytterlegare 25 prosent kan tenkje seg å busette seg der i delar av året (må her ta høgde for at nokon av desse allereie har fast bustad i kommunen dei har fritidsbustad). 70 prosent av fritidsbustadbrukarane er yrkesaktive. Undersøkinga synes å stadfeste at dei som har høve til å arbeide frå fritidsbustaden også er dei som brukar fritidsbustaden mest.

Dei fleste fritidshuseigarane har tradisjonelle verdiar og motiv med hyttelivet, der friluftsliv og nærleik til naturen er det sentrale (Ericsson og Grefsrud 2005). 83 prosent oppgjev at den

viktigaste aktiviteten under opphaldet i fritidsbustaden er samvere med familie, deretter kjem tradisjonelle fritidsaktivitetar som turgåing, skigåing og bærplukking, og sosialt samvere med venner (Farstad mfl. 2009).

Fritidsbefolkninga som inntrengjarar

Gentrifisering er eit fenomen særleg observert i tilflyttingsområde på den britiske landsbygda (Cloke og Little 1990, Phillips 1993). Dette er eit teoretisk omgrep, knytt til vekst og utvikling og siktar til at sosialt, kulturelt og økonomisk velstående menneske buset seg i (tidlegare lågstatus-) område, endrar området sin status og attraktivitet og eventuelt fortrengjer andre eller tidlegare innbyggjarar. Internasjonal forskning har vist at fastbuande kan oppleve gjennomgripande negative konsekvensar av hytteutviklinga (Rye og Farstad 2011). Dette dreier seg om skepsis til byfolket (hyttefolket) si sterkare kjøpekraft som kan utkonkurrere dei lokale, færre tilgjengelege lokale bustader, hyttefolket kan opplevast som kravstore og legg beslag på attraktive landareal i bygdene, belastar den kommunale infrastrukturen, forstyrrar den lokale veremåten med meir.

I Noreg har vi ikkje det same presset på bygdene. I dei mest populære fritidsbustadområda i bygdene kan likevel problemstillingar rundt fortrenging vere aktuelle, som når pris og eksklusivitet fortrengjer enkelte grupper til fordel for dei mest velstående. Etterspørselen etter småbruk på bygda til fritidsbustadføre mål kan og representere ein mogleg ambivalens for bygdesamfunnet, dersom fritidsfolket fortrengjer andre som ville budd på småbruket permanent eller også hatt det som utgangspunkt for næringsdrift (Blekesaune mfl. 2010).

Det er ein viss skepsis til ytterlegare vekst i fritidsbustader både blant fastbuande og fritidsbefolkning, og ønske om å avgrense mengda av store, moderne fritidsbustader (Farstad mfl. 2009). På den andre sida er det og vist at hyttebygging i fortrinnsvis ubrukte bygdeområde representerer få konflikhtar (Overvåg og Berg 2009).

I dette perspektivet ligg det og at hyttebefolkninga kan bli sin eigen fiende. Det som i første omgang var attraktivt, slik som element ved den rurale idyllen, kan i løpet av vekst og utvikling bli forringa (jf. Rye 2011, Rye og Farstad 2011). Har ein valt eit hytteområde som seinare vert vidare utbygd kan det utvikle seg til noko anna enn det ein først søkte ved å skaffe seg hytte.

Fritidsbefolkninga og bygdebefolkninga – konflikt eller harmoni?

Rye og Farstad (2011) påpeikar at det i norsk samanheng mest er diskutert mulegheitene knytt til fritidsbustadfenomenet, medan det er mindre drøfta korleis bygdebefolkninga – og ulike

grupper av denne - faktisk vert påverka av og opplever fritidsbustadturismen. Farstad og Almås (2009) seier til dømes at ei vellykka hyttesatsing vil tene på at bygdefolk opplever at hytteturismen gjev fleire fordelar enn ulemper. Det er likevel klare og systematiske forskjellar i korleis bygdefolk opplever hyttefenomenet: Dei som er direkte økonomisk involvert i denne turismen er (ikkje overraskande) meir positive enn andre, det same gjeld bygdefolk som er øvst i den sosiale lagdelinga i bygdesamfunnet (Rye og Farstad 2011).

Farstad mfl (2009, Rye og Farstad 2011) finn at det synest å vere utstrakt direkte sosial kontakt mellom fastbuande i bygda og hyttefolket. Over halvparten (54 prosent) av bygdefolket seier at dei av og til eller ofte har sosial kontakt (som kan vere å slå av ein prat), og nesten like mange (52 prosent) seier at dei har omgangsvener blant hyttebrukarane. Det er vidare eit mindretal av bygdefolket som teiknar eit konfliktfylt bilete av sine relasjonar til hyttefolket (Rye og Farstad 2011). Også norske ordførarar opplever at forholdet mellom fritidsbefolkninga og ulike lokale grupperingar er mest harmonisk (Kroken mfl. 2010). Rye og Farstad forklarar dette blant anna med den jamne fordelinga av fritidsbustader i alle samfunnslag i Noreg, samanlikna med andre vestlege land der det i større grad er velstående byfolk som eig hytter. Dette vert understreka ved at meir enn halvparten av husstandane i Noreg disponerer fritidsbustad, og dei historiske tradisjonane vi har med det (jf. Flogfeldt 2004).

Rye og Farstad (2011, Rye 2011) seier at den relative harmonien som synest å råde mellom lokalbefolkning og hyttebefolkning i norske hyttekommunar står i kontrast til internasjonal forskning som viser at dette ofte er konfliktfylte relasjonar. Forklaringa på dette kan blant anna vere at (jf. Overvåg og Berg 2009):

- Noreg har større landområde tilgjengeleg for hyttebygging slik at det ikkje er tilsvarande konkurranse om dette mellom bygdefolk og hyttefolk
- Norsk konsesjonsordning i enkelte kommunar som skil heilårs- og fritidsbustadmarknaden, fritidsbustader er bygd for fritidsformål
- Begrensa soioøkonomiske forskjellar
- Bygdefolk ser nytten av hytteturismen
- Hyttefolket er lite integrert i det sosiale bygdelivet

Det siste strekpunktet meiner Rye og Farstad er meir problematisk, då deira spørjeundersøking viser at det til dels er utstrakt sosial kontakt mellom dei to gruppene. Kroken mfl (2010) finn at 35 prosent av norske ordførarar opplever at fastbuande og fritidsbefolkninga til ei viss grad konkurrerer på same eigedomsmarknaden, 14 prosent i stor grad. Det kan derimot vere regionale forskjellar her, samt at det er grader av sosial kontakt. Rye og Farstad (2011) lanserer

ei mogleg stille-før-stormen-hypotese, og også Overvåg og Berg (2009) antydar sterkare konflikhtar mellom bygdefolk og hyttefolk i framtida. Det synes også å vere slik at bygdebefolkninga 'toler' hyttebefolkninga sine eventuelle krav til vertssamfunnet så lenge som hytteturismen er opplevd som nyttig for lokalsamfunnet i sosial eller økonomisk tyding og klasseforskjellane ikkje er for store (Farstad 2011).

Fritidsbefolkninga som livsstilsflyktningar

Livet på bygda er generelt knytt til førestellingar om fridom, natur, fred og ro, trygt og godt (Wiborg 2004, Stenbacka 2001, Villa 1999), og tilværet på hytta kan opplevast som ein generell tilstand av avslapping og rekreasjon (Kaltenborn 1997, Jansson og Müller 2003). Hytte og fritidsbustad i fredelege, rolege og landlege omgjevnader er derimot gjerne sett som dei urbane sin rekreasjonsmåte (Hall og Müller 2004). Blekesaune mfl. (2010) finn til dømes at folk som er busette i urbane område, oftare enn dei som er busette i rurale område, ønskjer å skaffe seg eit småbruk som fritidsbustad, og moglegheiter for jakt, fiske og vakre omgjevnader er av særleg tyding for denne gruppa. I dette perspektivet kan hytta stå for ein alternativ, om enn idealisert, livsstil (jf. Tonts og Greive 2002).

Williams og Kaltenborn (1999) er derimot kritiske til framstillingar av moderne turisme som søking mot det eksotiske og autentiske. Fritidsbustaden er ofte lokalisert der ein har familie, slekt eller anna tilknytning. Farstad mfl. (2009) finn at 45 prosent av utanbygds hyttebrukarar har slekt i hyttekommunen. Ikkje minst der fritidsbustaden tidlegare har vore familien eller slekta sitt småbruk eller einbustad gjev det ekstra tilknytning både til bustaden og staden (Flemsæter 2009).

Kan fritidsbustadturismen sjåast som ei form for mot-urbanisering eller flytting til bygda (jf. Flognfeldt 2002)? Ifølgje Rye og Farstad (2011) kan mengda og bruken av fritidsbustader i alle fall forståast som deltidsmigrasjon frå by til bygd. Veksten i fritidsbustader og hyttebefolkning, og mobiliteten mellom heim og hytte, er likevel ikkje eit enkelt uttrykk for mobilitet mellom urbant og ruralt, by og bygd. Dette viser seg blant anna ved at sjølv om mange hyttebrukarar bur i større og mindre byar, har over halvparten vakse opp i bygd eller tettstad (Farstad mfl. 2009). Som del av prosjektet Rural Mobilitet har Agderforskning laga ei oversikt over hytteeigarar sin bustadkommune, slik dei fordelte seg i alle norske kommunar i 2007 (data frå SSB). Ifølgje denne oversikta er det til dømes i Frosta (Nord-Trøndelag) og Lesja (Oppland), hyttekommunane i Bygdeforskning sin del av intervjustudiane i prosjektet, tilnærma 50-50 med tanke på hytteeigarar busette i bygd og by (inklusive busette i dei to vertskommunane).

Fritidsbefolkninga som ressurs

Hyttemobiliteten er sett som eit potensial for utvikling i distrikt og hyttekommune (Nordbø 2008, Hidle mfl. 2010). Hytteturisme som næringsveg er viktig for mange kommunar. Farstad mfl (2008) poengterer at deltidsflytting vil få ulike konsekvensar for dei kommunane/regionane det gjeld. Etterspørsel har gjort det mogleg for mange kommunar å satse på fritidsbustadar som utviklingsstrategi. Denne tankegangen baserer seg på at auke i fritidsbustader skal gje sysselsetting og inntekter for vertskommunen, etterspørsel etter lokale varer og tenester, og kompensere for fråflytting (Green mfl 1996, Deller mfl 1997, Gallent 2007).

Sal av tomter, kundar til lokalt næringsliv, høgare skatteinntekter, større utval av varer og tenester er nokon moglege positive lokal ringverknader av hytteboomen (Rye og Farstad 2011), sjølv om fritidsbustadar og vert importert som ferdighus og satt opp av handverkarar leigd utanfrå (Farstad mfl. 2008). Rye og Farstad finn med utgangspunkt i den kvantitative spørjeundersøkinga at bygdefolk sine *samlå* vurderingar av fritidsbustadturismen og konsekvensane av den heller i positiv retning (sjølv om in til dømes er kritisk til ytterlegare vekst).

Fritidsbustadbruket er ei relativt kjøpesterk gruppe, og gjerne betre økonomisk stilt enn den øvrige befolkninga (Farstad mfl. 2008). Det er og gjort undersøkingar for å estimere lokaløkonomiske konsekvensar. Østlandsforskning har til dømes satt fokus på, og problematiserer/nyanserer, ulike faktorar som har betydning for dette (Grefsrud 2003, Ericsson og Grefsrud 2005, Ericsson mfl 2005). Vidare er det peika på at 287 kommunar i 2007 hadde innført eigedomsskatt (Refling 2007), og at 40 prosent av norske fritidsbustadeigarar betaler eigedomsskatt (Farstad mfl. 2009).

B. Innspel til problemstillingar og tema å sjå nærare på

Ein ferierande motstraum

Farstad mfl. (2009) viser at meir enn to tredjedelar av norske bygdekommunar i dag kan karakteriserast som hyttekommunar. Desse er hyttekommunar fordi ein veksande del av befolkninga brukar store delar av ferie og fritid og millionar av inntekt og formue på dei same bygdene ein i tiår etter tiår har flytta frå. Dette er folk som i det daglege bur i eit (anna) bygdelandskap, i tettstad eller by. Det kan vere fråflyttarar som har feriehus i heimbygda, eller andre som søker fritidsaktivitetar på fjellet eller ved sjøen, anna klima og så vidare. Motstraum

er ikkje her definert ut frå ein verdiakse eller ein urban-rural dimensjon, men ut frå at bygder og kommunar vert fråflytta eller går ned i folketal samtidig som dei aukar folketalet på fritidsbasis (Villa 2011). Dette er parallelle prosessar.

- skjer det framleis fråflytting/nedgang i folketalet i kommunar med betydeleg tilvekst av fritidsbefolkning?
- Vert tilbodet (service og teneste) på dei aktuelle plassane oppretthalde på eit nivå som fritidsbefolkninga etterspør?

Ny møtestad og behovet for den større hytta – ”bybusetnad” i hytteområdet?

Familieliv er ein viktig motivasjon for hytteliv. Dette gjeld for hyttefolk enten dei er busette i bygd eller by. Å flytte seg ut av den daglege bustaden og sfæren er ein måte å legge til rette for familielivet, enten det er paret, kjernefamilien eller storfamilien. Ein kvalitativ intervjustudie gjort i prosjektet Rural Mobilitet finn at det er eigen kjernefamilie/vaksne barn/barnebarn ein søker å 'gjenforeine' på hytta – ikkje familie eller slekt i hyttekommunen (jf. Villa 2011). Moderne familiekos krev plass. Dette er understreka av hytteeigarar som startar med ”hytte i rett forstand” og etter nokre år endar med ”meir hus”. Storleik, komfort og utforming av fritidsbustaden vert – med basis i ei generell velstandsutvikling – gjort med tanke på å samle familie og ulike generasjonar, samtidig som ein skal ta vare på eit behov for privatliv, fred og ro. Dette gjer hytta attraktiv og tilgjengeleg som geografisk og sosial møtestad i eit elles mobilt samfunn.

Ericsson og Grefsrud (2005) definerer nokre typar hytteeigarskap knytte til kva friluftsliv hytteeigarane søker, sosial forankring i hyttekommunen og yrkesarbeid utøvd frå hytta. To grupper er framheva som særleg interessante: Den moderne friluftsutøveren som ønskjer tilrettelagte og organiserte friluftaktivitetar, oftast representert ved yngre hytteeigarar, og den noko eldre arbeidsfleksible. Begge har hytter med høg teknisk standard og heilårsveg, dei brukar hyttene meir enn andre og har eit høgare lokalt forbruk – blant anna fordi hyttene ofte ligg sentralt til. Den moderne friluftsutøveren og den arbeidsfleksible representerer begge små grupper, men er spådd å vere på frammarsj (Ericsson og Grefsrud 2005). I den kvalitative intervjustudien med utgangspunkt i Frosta og Lesja, finn vi at det særleg er den moderne friluftsutøveren som argumenterer for behovet for den større hytta med eigne rom for ulike aktivitetar (Villa 2011).

Eit mogleg paradoks i utviklinga er når den enkelte fritidsbebuar investerer i storleik og komfort, og samtidig tek avstand frå byliknande busetnad i hyttekommunen. Sentralisering og fortetting i

hyttefelt er trenden for nybygging av fritidsbustadar, samtidig som fritidsbefolkninga opplever at dette går på tvers av det ein søker med hyttelivet.

- Finst det eit mettingspunkt her – sett frå etterspørselssida - der attraktiviteten vert forbigått av utnyttingsgraden?

I Lesja ser ein at det har vore ein trend dei seinare åra med maksimal utnytting av tomtene. Ein ser og ei endring den seinare tida i retning av at hyttene generelt har vorte litt mindre. Dette kan, ifølgje kommunen, ha samanheng med nye utbyggingsområde med litt tettare regulering. I Lesja kommune er den øvre grensa på total bygningsmasse 200 m². Lesja kommune opplyser at trenden dei seinare åra har vore maksimal utnytting av tomtene. På eitt punkt synest hytteeigarane å vere einige: Dei vil ikkje ha bytilstandar på fjellet eller i bygda der dei har hytte. "Den gongen det blir bybebyggelse på fjellet, så trur eg mange mistar interessa av å vere der" som ein hytteeigar seier.

Hytter over 100 kvadratmeter utgjer eit mindretal blant fritidsbustadane i dag (jf. Farstad 2009), og Kaltenborn (2002) er kritisk til eit for stort fokus på luksushyttene, då hytteliv for dei fleste er noko anna enn luksusliv. Utan at det er diskutert kva luksus er i hyttesamanheng, vil nok tilværet i dei største hyttene i prosjektet Rural mobilitet for mange framstå som eit luksusliv; både på grunn av storleiken på hytta og graden av komfort og utstyr. "Vi har alt", som ein hytteeigar seier (Villa 2011). Storleiken på hytta, det visuelle og "røkkepalass" er sjølvst tema blant hytteeigarar; som noko ein irriterer seg over eller som andre har. Det som sameinar meir enn skil seg ut som synspunkt i intervjusamtalar er derimot storleiken på tomtene: Kritikkk mot trenden med å 'skare opp med små tomter og store hytter utan natur rundt' (jf. Villa 2011). I "bybebyggelse" kan det og ligge ein kritikkk mot asfalterte vegar i hytteområda og varmekablar i oppkøyrsele til hytta, men det er generelt fortettinga og 'gettofisering' som er utfordringa. Fortetting utfordrar det fritidsbefolkninga søker: Fred og ro, naturoppleving. Det representerer eit uønskt brot med hyttelivet slik ein ser det for seg i fri natur med avstand til naboar (Villa 2011).

- Kva forhold er det i norske hyttekommunar mellom det vi kan kalle "behovsprøvd planlegging" - og det økonomisk rasjonelle behovet for mest mogleg inntekt og vekst?
- Kva utfordring gjev dette for hyttekommunane, som skal finne den rette balansen mellom økonomi, lokalsamfunnsutvikling og fritidsbefolkninga sine interesser?

Belastning på hyttekommunen?

Pensjonistar og trygda fritidsbustadbrukarar nyttar fritidsbustaden gjennomsnittleg 20 dagar meir per år enn det andre fritidsbustadbrukarar gjer (Farstad mfl. 2008). Samtidig finst det tydelege og sesongbaserte toppar med tanke på når fritidsbefolkninga er tilstades i hyttekommunen. Kva utfordringar ligg det i at 77 prosent av kommunane ikkje har lagt ein strategi for å takle sesongavhengig etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester blant fritidsbefolkninga (Kroken mfl. 2010)?

Fritidsframtida - meir på bygda?

Anslagsvis 6,5 prosent av fritidsbustadene i Noreg var for om lag 10 år sidan omregistrerte gardsbygningar eller heilårsbustader (Flognfeldt 2002). Ifølgje spørjeundersøkinga blant norske ordførarar oppgjev 41 prosent at dei av og til eller ofte gjev tillating til bruksendring frå heilårsbustad til fritidsbustad (Kroken mfl. 2010).

Farstad mfl. (2008) viser at veksten i fritidsbustader siste tiår (1998-2008) har særleg vore i område stadig lengre vekk frå hovudstadsregionen. Dei antydgar at auka urbanisering i sentrale austlandsområde fører til større etterspørsel etter fritidsbustad i mindre urbaniserte område – blant anna fordi fritidsfolket søkjer ein viss kontrast til eit bymessig liv (jf. Hall og Müller 2004). Med tanke på distribusjon av fritidsbustader etter sentralitet, brukar Farstad mfl. (2008) inndelinga storbyregionar, mellomstore byregionar, småsenterregionar og område med spreitt busetting. Data frå SSB 2008 viser at det er småsenterregionane (senter med 1000 – 5000 innbyggjarar) som har flest fritidsbustader (31 prosent av alle fritidsbustadene) – og det er her den største prosentandelen av total auke i fritidsbustad har skjedd (42 prosent). ”Slik er det regioner med et relativt lavt antall innbyggere i sentrene som har flest fritidsboliger, mens områdene med aller lavest antall innbyggere i sentra motsatt har færrest fritidsboliger. Dette tyder på at det er grenser for *hvor* perifert/spredtbygd et område kan være før etterspørselen etter fritidsboliger avtar. Noe av forklaringa på dette kan være at regioner med små sentra mangler det hjemmemarkedet for fritidsboliger som regioner med større sentra har. Dette bør kommuner som vurderer fritidsboligutvikling som satsingsområde merke seg, for å unngå feilprioriteringer.” (s. 12). Ser ein på den prosentvise auken i antal fritidsbustader, ser ein derimot at den største auken har funne stad i dei minst sentrale bu- og arbeidsmarknadsregionane (område med spreitt busetting og senter mindre enn 1000 innbyggjarar). ”Dette tyder på at rurale kommuner i større grad har begynt å lykkes i å satse på fritidsboligturisme som utviklingsstrategi, og at de har begynt å ta ut et tidligere uutnyttet potensial på denne fronten. Her kommer sannsynligvis etterspørselen etter fritidsboliger snarere fra fjerntliggende tettsteder enn fra lokale sentra. Potensialet for fritidsboligbygging i storbyregionene synes på sin side å være meir eller mindre fullt utnyttet allerede.” (s. 13).

Eit unytta potensial i fritidsbefolkninga?

45 prosent av utanbygds hyttebrukarar har slekt busett i hyttekommunen, 20 prosent har sjølv tidlegare budd i hyttekommunen, medan 15 prosent kan tenkje seg å flytte til hyttekommunen (Farstad mfl. 2009). Til samanlikning oppgjev berre 5 prosent av kommunane at dei har utforma ein strategi for å få fritidsbefolkninga til å bli fastbuande (Kroken mfl. 2010). Kva mulegheiter ligg i dette?

67 prosent av ordførarane svarar at dei ikkje har hatt nytte av eller ikkje veit om kommunen har hatt nytte av yrkeskvalifikasjonar hos fritidsbefolkninga. Fleirtalet av kommunane som ikkje har hatt nytte av fritidsbefolkninga sine yrkeskvalifikasjonar har heller ikkje vurdert mulegheita av å nytte seg av desse (Kroken mfl. 2010). Kva kan dette seie om kunnskap, kapasitet, behov, m.m. i kommunen?

Kva kan interkommunalt samarbeid om hytteturisme bidra med?

Det er liten grad av interkommunalt samarbeid om hyttebefolkninga. 36 prosent av kommunane oppgjev at dei til ein viss eller i stor grad samarbeider med andre kommunar om dette (Kroken mfl. 2010).

Medverknad med atterhald?

63 prosent av ordførarane i norske kommunar meiner at kommunen bør legge til rette for meir utbygging av fritidsbustader. 25 prosent av ordførarane meiner at vertskommunar i sterkare grad bør prioritere fritidsbefolkninga sine interesser, medan 48 prosent svarar 'både/og' til dette (Kroken mfl. 2010).

Fritidsbefolkninga er berre av og til eller sjeldan involvert i generelle politiske prosessar i vertskommunane, men er langt oftare involverte i kommunale reguleringsplanprosessar i kommunane. Likevel oppgjev 85 prosent av norske ordførarar at dei er heilt eller delvis ueinige i at hytteeigarar skal kunne få stemmerett i hyttekommunen. Dette kan tyde på eit kommunalt ønske om å involvere hytteeigarar og fritidsbuarar, men med visse atterhald.

Ytterlegare vekst i fritidsbustadmarknaden i åra som kjem vil by på politiske, sosiale og miljømessige utfordringar, og kommunane må finne ein måte å imøtekomme dette på eit tidleg tidspunkt (Farstad mfl. 2008). Dette inneber at regionale og nasjonale miljø- og verneinteresser må ha eit ord med i laget – då overdriven fritidsbusetnad vil kunne truge dei same naturverdiane som fritidsbefolkninga er ute etter. Den største utfordringa ifølgje Farstad mfl

(2008) vil til sist vere å balansere lokale interesser og ønske opp mot fritidsbefolkninga sine preferansar og behov.

Referansar

- Arnesen, T. og T. Skjeggedal (2003). Rekreasjon og fritidshus. Spekulasjoner om å bo, utmark og urbanitet. *PLAN* (2), 10–15.
- Blekesaune, A., M. S. Haugen og M. Villa (2010). Dreaming of a smallholding. *Sociologia Ruralis*, 50 (3), 225–241.
- Cloke, P. J. og J. Little (1990). *The rural state? Limits to planning in rural society*. Oxford: Clarendon Press.
- Deller, S. C., D. W. Marcouiller og G. P. Green (1997) Recreational housing and local government finance. *Annals of Tourism Research*, 24 (3) 687-705.
- Farstad, M. (2011) Rural residents' opinion about second home owners' pursuit of own interest in the host community. Akseptert for publisering i *Norsk Geografisk Tidsskrift – Norwegian Journal of Geography*.
- Ellingsen, W., G. S. Hanssen og I.-L. Saglie (2010). Nye utfordringer i rurale hyttekommuner. Fritidsboliger og lokaldemokrati. *Kart og plan*, 103 (4), 277–290.
- Ericsson, B., T. Arnesen og K. Overvåg (2005). Fra hyttefolk til sekundærbosatte. Et forprosjekt. Rapport 4/05. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Ericsson, B. og R. Grefsrud (2005). Fritidshus i innlandet: Bruk og lokaløkonomiske effekter. Rapport 6/05. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Farstad, M. og R. Almås (2009). Fra økt konfliktpotensial til vinn/vinn: Hvordan kan bygdefolk flest tjene på fritidsboligbrukernes tilstedeværelse i bostedskommunen? *Utmark*, (1).
- Farstad, M., J. F. Rye, og R. Almås (2008) Fritidsboligfenomenet i Noreg. Fagnotat om utvikling i bruk av fritidsboliger, utarbeidet på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet. Notat 11/08, Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim.
- Farstad, M., J. F. Rye og R. Almås (2009) By, bygd og fritidsboliger 2008. Kommentert frekvensrapport. Rapport 10/09. Norsk senter for Bygdeforskning, Trondheim.
- Flemsæter, F. (2009) From "Home" to "Second Home": Emotional dilemmas on Norwegian smallholdings. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 9 (4), 406–423.
- Flognfeldt, T. (2002) Second-home ownership: A sustainable semi-migration. I C. M. Hall og A. M. Williams (red.) *Tourism and migration: newrelationships between production and consumption*. Dordrecht: Kluwer, 187–204.
- Flognfeldt, T. (2004) Second homes as a part of a new rural lifestyle in Norway. I C.M. Hall og D.K. Müller (red.) *Tourism, mobility and second homes. Between elite landscapes and common ground*. Clevedon: Channel View Publications, 233–243.
- Gallent, N. (2007) Second homes, community and a hierarchy of dwelling. *Area*, 39 (1) 97-106.
- Green, G. P., D. Marcouiller, S. Deller, D. Erkkila og N. R. Sumathi (1996) Local dependency, land use attitudes, and economic development. Comparisons between seasonal and permanent residents. *Rural Sociology*, 61 (3) 427-445.
- Grefsrud, R. (2003). Lokaløkonomiske effekter og muligheter av fritidshus. Litteraturstudie. Notat 04/03. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Hall, C. M. og D. K. Müller (2004). Introduction: Second homes, curse or blessing? Revisited. I C. M. Hall og D. K. Müller (red.) *Tourism, mobility and second homes. Between elite landscape and common ground*. Clevedon: Channel View Publications, 3–14.
- Hidle, K., W. Ellingsen og J. Cruickshank (2010). Political conceptions of second home mobility. *Sociologia Ruralis*, 50 (2), 139–155.

- Jansson, B. og D. K. Müller (2003). *Fritidsboende i Kvarken*. Umeå: Kvarkenrådet.
- Kaltenborn, B. P. (1997). Nature and place attachment: A study among recreation homeowners in Southern Norway. *Leisure Sciences*, 19, 175–189.
- Kaltenborn, B. P. (2002). Å bo i naturen - meningen med hyttelivet. *UTMARK*, 2 (3).
- Kroken, A., B. Logstein, O. Storstad og M. Villa (2010) Norske kommuner og fritidsbefolkningen. Kommentert frekvensrapport. Rapport 9/10, Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim.
- Nilsen, B. T. (2007) Forsking og faglitteratur om 'second homes'/'andrehjem'. En oversikt over teori og bidragsyttere. Notat 4/07, Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim.
- Nordbø, I. (2008). Hyttefolk = nyttefolk? Resultater fra en spørreundersøkelse blant hyttefolk i Tinn kommune og Øyfjell, Vinje kommune høsten 2007. www.hyttefolk.no
- Overvåg, K. (2007). Fritidsboliger i omlandene til Oslo, Trondheim og Tromsø. Lokalisering og arealbruk. *UTMARK*, 7 (1), 1–9.
- Overvåg, K. (2009). *Second homes in Eastern Norway. From marginal land to commodity*. PhD-avhandling, Geografisk institutt. Trondheim: NTNU.
- Overvåg, K. og N. G. Berg (2009). Second homes, rural idyll and contested space issues in eastern Norway. I K. Overvåg *Second homes in Eastern Norway. From marginal land to commodity*. PhD-avhandling, Geografisk institutt. Trondheim: NTNU.
- Phillips, M. (1993). Rural gentrification and the processes of class colonisation. *Journal of Rural Studies*, 9 (2), 123–140.
- Riefling, D. (2007) Eiendomsskatt i kommunene 2001 – 2007. Rapport nr 1 2007. Huseiernes landsforbund, Oslo.
- Rye, J. F. (2011) Conflicts and contestations. Rural populations' perspectives on the second homes phenomenon. Akseptert for publisering i *Journal of Rural Studies*.
- Rye, J. F. og Farstad, M. (2011) Idyll i hyttebygda? Lokalbefolkningens perspektiver. I M. S. Haugen og E. P. Stræte, red, *Rurale brytninger*, Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.
- Stenbacka, S. (2001). *Landbygdsboende i inflyttarnas perspektiv. Intention och handling i lokalsamhället*. Dr. avhandling, Geografiska Regionstudier nr. 42. Uppsala: Uppsala Universitet.
- Tonts, M. og S. Greive (2002). Commodification and creative destruction in the Australian rural landscape: the case of Bridgetown, Western Australia. *Australian Geographical Studies*, 40 (1), 58–70.
- Villa, M. (2011) Hytta som møtestad – tilpassing og utfordring. I M. S. Haugen og E. P. Stræte, red, *Rurale brytninger*, Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.
- Villa, M. (1999). Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt". *Sosiologi i dag*, 29 (4), 31–52.
- Wiborg, A. (2004). *En ambivalent reise i et flertydig landskap – unge fra distriktene i høyere utdanning*. Dr. avhandling, Institutt for antropologi. Tromsø: Universitet i Tromsø.
- Williams, D. R. og B. P. Kaltenborn (1999). Leisure places and modernity: the use and meaning of recreational cottages in Norway and the USA. I D. Crouch (red.) *Leisure/tourism geographies*. London: Routledge, 214–230.